



Mange kosa seg med komlemiddag på Oska i dag.

Sist torsdag starta Smakifrå opp med komlebuffet på Oska. Det var så populært at det vart tomt lenge før enn Roy Lervåg hadde tenkt kl.17. I dag var det ny komle-torsdag på Oska. Etter den store oppslutnaden sist, hadde ikkje Roy Lervåg berre auka matmengda, han hadde dobla mengda han laga sist torsdag. Det skulle ein tru burde halda!

Likevel viser det seg at Smakifrå-komlene er så populære at det gjekk tomt tiidlegare enn venta denne torsdagen også. Folk strøymde til Oska i uventa mengder. Det var tydeleg at ordet om dei gode komlene hadde gått. Dørene opna kl.14, og då eg kom ein time seinare, var det fullt med alle bord av gjester som som kosa seg med Smakifrå-komler, pinnekjøtt, sundepølse, kålrabi og bacon. Stadig nye gjester kom til, og både Roy Lervåg og servitør Ingvill Tråvik Sture jobba på spreng for alt skulle gli på beste måte.

Blant gjestene var det berre vellæte å høyre. Sjølv dei som måtte venta litt på maten, var godt fornøgde. Tilbehøret var av beste sort, men likevel var det komlene til Lervåg som tok prisen!
- Desse komlene var jo knallgode, hørde vi meir enn ein seie.

Dette var siste komle-torsdagen dette året, men Roy Lervåg lovar å vera tilbake med suksessen som komledag er blitt allereie første torsdagen i 2016.



Populær kompletorsdag!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland